



Lars L. Øyjord sit no under ein ny vimpel

10 tilsette med Lars L.Øyjord i spissen har sidan årsskiftet gjort jobben under ein ny vimpel med Børnes som base. No er KBU Elektroservice AS ein del av Vassnes-konsernet som er ein tungvektar i området med sine 135 tilsette.

Men fusjonen spring slett ikkje ut av nokon form for dramatik, forsikrar Øyjord som framleis sit bak sjefspulten.

Når uskedalen.no spør kven som tok initiativet svarer han slik:.- Det passa bra både for Vassnes og oss. Og vi er framleis ein lokalstyrt einheit.

EBU Elektroservice er ein 7 år gamal suksessbedrift som no tek sikte på å få enda meir luft under vingane under ein større paraply. Øyjord er ikkje snauare enn at han tek sikte på ein fordobling av omsetningen dette året - nærare bestemt frå 8 til 16 millionar.

Det betyr sjølvstøtt også at staben vert større. men kor mange nye medarbeidarar som kjem i 2014 kan han ikkje svare på førebels, Det er aktuelt å tilsette fleire både fast og på prosjektbasis,

Det er heller ikkje lenge sidan Øyjord varsla engasjement i eit av byggjeprojekta i Uskedalen - Nedre Halsabrotet som har vore på beddingen i ei årrekkje men som har stampa i byråkratiet, No er det like før byggjestart der. Men Øyjord strekar under at dette prosjektet ikkje vert berørt av fusjonen. Det sorterer under eit anna selskap - Kvinnherad Byggutvikling.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Lars er framleis sjef for ein lokalstyrt einheit.